



KLARE: Anette Oa Våge, Åge Hestenes og Kurt Inge Larsen gler seg til Kanaldagane 2017. FOTO: HERBORG SØRLI

Investerer i partytelt

For 16. gong på rad skal Kanaldagane arrangerast ved Kulleseidkanalen i byrjinga av september. Nytt av året er eit stort partytelt og skjenkjeløyve.

– Det vil nok komme fleire folk då, håpar Anette Oa Våge som er ansvarleg for stands under Kanaldagane.

Åge Hestenes, som er un-

derhaldningsansvarleg, opplyser at teltet vert ein stor kostnad.

– Men då har ingen noka orsaking for å ikkje komme dersom det vert nedbor, legg han til.

Dei legg vekt på at dei trur det vert eit meir samla publikum når dei har eit telt som tek om lag 500 personar.

– Folk vert ikkje så spreidde, også er det jo praktisk med tanke på vær og vind, seier dei.

Tusenvis besøkande

Dei siste åra har mellom 2.000 og 5.000 vitja Kulleseidkana-

len under Kanaldagane. Våge og Hestenes trur dette kjem til å bli det beste året hittil.

– Det er jo lov til å håpe, seier dei.

Kurt Inge Larsen som er pressesjef for arrangementet er litt meir skeptisk.

– Er det sol så kjem folk. Er det regn så kjem ikkje folk, seier han.

Variert program

Under kanaldagane skjer det mykje forskjellig. Det er konserter, stands, barnediskotek og meir.

– Det er for heile familien.

Både dei minste og dei eldste kan komme og kose seg, seier Våge.

Tradisjonen tru vil det også vera gudsteneste på søndagen.

– Då vert presten rodd i land, opplyser Larsen.

Han seier også at det blir eit maritimt miljø som ramme rundt arrangementet som berre er basert på frivillig innsats.

FAKTA:

► **KANALDAGANE** var gjennomført for første gong i 2002, og var halde som ein del av Kystsogevekene.

► **KANALDAGANE** vert arrangert ved Kulleseidkanalen som ligg ved tettstaden Finnås på Bømlo.

► **ARRANGEMENTET** går av stabelen den første helga i september kvart år.

► **ARRANGØRANE** er Finnås Sportsklubb, Bømlo Sportsdykkere, Våge skulemusikklag, trekløveren Grenda & ungdomslag, Bømlo kystlag og Finnås bedehuslag.

► **Herborg Sørli**

Ny jobb for Totland

► **BOK:** Finn Totland frå Mosster er tilsett som ny redaksjonssjef i bokforlaget Cappelen Damm. Totland er utdanna litteraturvitjar og har tidlegare jobba blant anna i Samlaget og Forlaget Press. Totland skal leia avdelinga for natur- og kulturbøker, og tiltrer stillinga 1. oktober, melder bok365.no.

Totland er yngre bror av artisten Heine Totland.

Får gratis kulturskule

► **KULTURSKULE:** Kommunestyret i Stord vedtok på sitt siste møte før ferien at det skal bli gratis å ha born i kulturskulen for familiær med liten inntekt. Ifølge vedtaket vert det innført friplassordning i Stord kulturskule for elevar frå familiær der føresette har ei samla netto skattbar inntekt på 400.000 kroner eller mindre. Ordninga vert gjeldande frå 1. januar 2018.

«a-ha»-stjerne stiller ut i Kvinnherad

► **KUNST:** Mest kjent er han for 30 år i popgruppa a-ha, men Magne Furuholmen har også lang internasjonal roynsle som biletkunstnar sidan debuten i 1989. Laurdag kjem han til tettstaden Seimsfoss i Kvinnherad med maleri, grafikk og skulpturar.

Det er kunstgalleriet Galleri G i Guddalstunet, fem kilometer frå Rosendal sentrum, som skal husa Furuholmen si utstilling. a-ha-vokalisten vil sjølv opna utstillinga, medan hardangerbandet «Folkelokk» kjem for å oppstre.

– Som biletkunstnar arbeider Furuholmen på kryss og tvers av medium og teknikkar, men har særleg utmerkjå seg som grafikar og i dei seinare år også som skulptør, heiter det i eit presseskrift frå galleriet.

Furuholmen debuterte som biletkunstnar i 1989, og har mellom anna siden stilt ut i Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, neue Nationalgalerie i Berlin, Mac-Niteroi Brazil, Royal Academy i London, og Central Academy for Fine Arts i Beijing.